

ÅRSMELDING 2015

NORDDAL KOMMUNE



Innhold

Rådmannen sine kommentarar	3
Innleiing	3
Utvikling kommuneøkonomien o.a.....	5
Hovudutfordringar framover.....	5
Befolking, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal	6
Målloppnåing	6
Folketal	6
Økonomiske nøkkeltal og analysar	6
Driftsrekneskapen 2015 –hovudtal	8
Investeringar 2015.....	9
Balanserekneskapen	9
Konsern.....	10
Tenestene.....	11
Sentraladministrasjon.....	11
Mål.....	11
Årsverk	11
Økonomiske resultat	13
Utfordringar i tida som kjem	13
Skule, barnehage, kultur og barnevern.....	14
Mål.....	14
Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og målloppnåing	14
Årsverk:	17
Økonomiske resultat	17
Utfordringar i tida som kjem	18
Helse og omsorg.....	19
Mål.....	19
Årsverk	20
Økonomiske resultat	21
Utfordringar i tida som kjem	21
Teknisk, næring og miljø	22
Mål.....	22
Årsverk	24
Økonomiske resultat	24
Utfordringar i tida som kjem	25
Kommunestyret - saker i 2015	27
Utvalde nøkkeltall, kommunekonsern.....	31

Rådmannen sine kommentarar



Frå opplæring av folkevalde etter kommunevalet 2015.

Innleiing

2015 har vore prega av høg aktivitet innan fleire områder. Særleg det pågåande omstillingssarbeidet med å redusere driftsnivået til eit nytt og lågare inntektsnivå og arbeid med kommunereform vore sentralt.

Endra administrativ organisering vart vedtatt av kommunestyret i mars 2015. Den er no endra frå «ein flat organisasjon» med einingsleiarar direkte underlagt rådmannen, til å ha tre sektorsjefar som har ansvar for økonomi, fagleg kvalitet og tilsette. Bakgrunnen for dette er mellom anna eit behov å tydeleggjere ansvars- og arbeidsområde, samt å sikre betre rutinar for budsjetting og rapportering. Gjennom sektorvis organisering vil ein sikre betre styring og kontroll, unngå dobbeltarbeid og sikre at vedtekne endringar blir rakst gjennomført.

Arbeidet med kommunereform har prega heile 2015. Kommunestyret har nedsett eit eige utval som har arbeidd med ulike alternativ saman med nabokommunar, Fylkesmannen og Sunnmøre Regionråd.

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Norddal eigedomsselskap vart også vedtatt nedlagt som eige selskap og eigedomsforvaltninga vert ein del den ordinære kommunale drifta.

Pilegrimsleia frå Valldal sentrum til Lesja og Nidaros vart offisielt opna sundag 6. september. Opning vart markert med at to biskopar og 4 ordførar saman med mange andre deltok i ei vandring frå Rem til Alstad. Den symbolske opninga skjedde på Juvet Landskapshotell ved Gudbrandsjuvet med talar og helsingar i tillegg til symbolsk opning av Skjersura og dramatisering .

Kommunevalet 2015 vart gjennomført måndag 14. september. Praktisk gjennomføring i dei 5 krinsane (Tafjord, Valldal, Fjøra, Eidsdal og Norddal) skjedde på ein trygg og god måte. Norddal kommune har tradisjon for rask og god gjennomføring og som tidlegare vart det førebelse valresultatet tidleg klart. Som følje av valresultatet vart det relativ stor utskifting av politisk mannskap i formannskap og kommunestyret. Arne Sandnes (Sp) vart valt til ordførar og Per Magnus Berdal (Sp) vart valt til varaordførar.

Ny brannstasjon på Kalvegjerdet i Eidsdal vart opna 12. oktober. Den gamle stasjonen i Kleivafabrikken i Eidsdal sentrum vart samstundes tatt ut av bruk og bygget er no seld. Eidsdal og Norddal har dermed fått ein godt utstyrt og vel fungerande brannstasjon trygt plassert i høve til eventuell flodbølge frå fjellskred.



Eidsdal brannstasjon opna i oktober 2015.

Utvikling kommuneøkonomien o.a.

Arbeidsmiljø:

Arbeidsmiljøutvalet hadde i 2015 seks møter og handsama 12 saker. I tillegg til fleire drøftings- og informasjonssaker. Dei viktigaste sakene var knytt til arbeidet med budsjettreduksjon og dei organisatoriske konsekvensane det medfører. I tillegg har det vore jamlege møter med dei hovudtillitsvalde i samsvar med føringane i Hovudavtalen for samhandling mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar.

Utvikling kommuneøkonomien

I 2015 har det vore jobba mykje med å sette i verk tiltak for å redusere driftskostnadene. Norddal kommune har store utfordringar med å få samsvar mellom inntekter og utgifter. Ein har over år fått eit driftsnivå som ligg høgare enn kva inntektene gir rom for. Også i 2015 måtte ein difor bruke av fond for å balansere rekneskapen og siste rest av tilgjengeleg driftsfond vart i 2015 brukt opp. Det har vore ein gjennomgang av alle ansvarsområda for å sjå kor det kunne vere muleg med innsparingstiltak. Prosessen var særleg omfattande for pleie/omsorg, der ein enno ikkje har sluttført oppfølgingsarbeidet. Svingingar i inntektene frå konsesjonskraft og aksjeutbyte utfordrar det kommunale driftsnivået, vesentleg av di så godt som alt av inntekter vert tatt ut i drift, utan avsetting til reserver. Dei økonomiske rammene for verksemndene burde ut frå samanlikningar (Kostra o.a.) vere rimeleg gode, men det viser seg at dei av ulike grunnar ikkje vert halde. Det har vore lagt vekt på å halde investeringane på eit lågt nivå, ut frå at kommunen saman med eigedomsselskapet har relativt høg gjeld, og mykje av inntektene vert «spist opp» av renter og avdrag.

Hovudutfordringar framover

Rekneskapen for 2015 syner eit netto positivt driftsresultat på om lag 750.000 kroner. Sjølv om Norddal kommune har relativt sett store inntektene per innbyggjar er kommuneøkonomien sterkt pressa. Dette skuldast mellom anna at folketalet held fram med å gå ned. Dette vil igjen påverke dei statlege overføringane i negativ lei. Samstundes er dei årlege inntektene frå kraftproduksjon redusert med om lag 12 millionar per år sett i høve til rekordåret i 2011. Dette kombinert med ei forholdsvis høg lånegjeld og store kapitalkostnadene gjer at Norddal kommune sitt handlingsrom vert betydeleg redusert i åra som kjem. Det blir derfor krevjande å etterleve krav og forventingar til kommunale tenester og tilbod samstundes som driftsnivået må reduserast i omfang.

Hovudutfordringa for Norddal kommune framover er få samsvar mellom inntekter og utgifter. Det må også arbeidast vidare med å hente ut synergiar av dei store utviklingstiltaka som har vore gjennomført dei seinare åra, og der kommunen har vore aktiv aktør, saman med andre. Effekten av etableringa av Storfjord Helsecenter, hotell, fjernvarmeanlegg og bustader i Valldal sentrum vil vere avgjerande for samfunnsutviklinga i kommune. Her er det viktig å sjå på korleis ein kan nytte etableringane i ulike samanhengar med tanke på ny utvikling og nye etableringar.

Rådmannen meiner at det også framover vil vere naudsint med deltaking i ulike partnarskap, så vel med private som gjennom interkommunalt samarbeid, for å møte komande utfordringar. Dei etablerte må likevel gjennom ei evaluering, og ein må vere meir tilbakehaldande med å gå inn i nye. Norddal kommune sin økonomiske situasjon tvingar kommunen til strengare prioriteringar og fokus på kjerneoppgåvane. Samstundes vil det pågående arbeidet med kommunereform vere retningsgivande for kommunen si utvikling.

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Norddal kommune vil framover ha behov for å rekruttere fagfolk innan ulike stillingskategoriar. Denne rekrutteringa skjer i konkurranse med mange andre i arbeidsmarknaden og vil vere eit viktig område å fokusere på i åra som kjem.

Befolking, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

Måloppnåing

Opphavleg budsjett hadde som mål å drifte med årets inntekter og avsette kr 750.000 til fond. Verksemdsleiarane fekk eit stramt budsjett med mange tiltak for innsparing. Gjennom året vart det klart at mange av tiltak ikkje let seg gjennomføre etter planen. Målet om å avsette til fond vart endra til å bruke 3 millionar frå fond. Det justerte målet er nådd i og med at ein fekk eit positivt resultat på om lag 1 million.

Folketal

Det har vore ein nedgang i folketalet i løpet av 2015 på totalt 24 personar, og det har vore størst nedgang i krinsen Ytterdal.

Folkemengd etter grunnkrets Per 1. januar	2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2012-16	Endring prosent
15240101 Muri	357	355	340	325	326	-31	-8,7
15240102 Sylte	178	171	154	147	146	-32	-18,0
15240103 Uri	153	150	140	143	149	-4	-2,6
15240104 Gjerde	204	211	212	238	235	31	15,2
15240105 Alstad	76	74	75	72	66	-10	-13,2
15240106 Fjørå	164	161	161	154	155	-9	-5,5
15240107 Tafjord	103	106	101	99	94	-9	-8,7
15240108 Dalsbygda	149	149	145	146	150	1	0,7
15240109 Eide	96	106	103	102	98	2	2,1
15240110 Rønneberg	90	84	86	86	87	-3	-3,3
15240111 Ytterdal	167	169	166	161	142	-25	-15,0
15249999 Uoppgett grunnkrets	1	3	2	3	4	3	
	1738	1739	1685	1676	1652	-86	-4,9

Økonomiske nøkkeltal og analysar

Dei frie inntektene er grunnlaget for tenestene som kommunen skal gje innbyggjarane sine. Med eit høgt inntektsnivå er det mogleg å gje gode og desentraliserte tenester.

Frie inntekter

Rammetilskotet er redusert i 2015 i høve til 2014. I 2014 var medfinansiering av helseføretaka ein del av rammetilskotet. Ordninga med medfinansiering var teke bort i 2015, og for Norddal

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

kommune var det om lag 2,5 millionar. Rammetilskotet vert rekna ut frå mange faktorar, mellom anna folketal, brukargrupper og inntektsutjamning mot naturressursskatten.

beløp i 1000 kroner	2012	2013	2014	2015
Rammetilskot	66 926	67 059	69 926	69 311
Skatt på formue og inntekt, naturressursskatt	41 694	43 840	43 261	43 658
Eigedomsskatt	19 866	21 925	21 868	21 012
Konsesjonskraft	9 230	7 294	7 975	7 149
Sum frie inntekter	137 716	140 118	143 030	141 130

Kraftinntekter

Norddal kommune har inntekter knytt til kraftproduksjon. Desse inntektene er redusert med 4 millionar kroner det siste året, og det har vore ei utfordring å tilpasse utgiftene til dei reduserte inntektene. I 2016 er det budsjettet med ytterlegare nedgang i kraftinntektene.

Konsesjonsavgifta er knytt til næringsutvikling i kommunen, og kan ikkje brukast til andre driftsoppgåver.

beløp i 1000 kroner	2012	2013	2014	2015
Konsesjonsavgifter	2 780	2 761	3 055	3 031
Naturressursskatt	10 131	10 407	10 199	9 757
Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett	19 571	21 630	21 573	20 720
Konsesjonskraft	9 230	7 294	7 975	7 149
Aksjeutbytte Tafjord	3 256	3 741	3 806	1 738
Sum frie inntekter	44 968	45 833	46 608	42 395

Finans

Finansinntektene vart mindre enn det som var budsjettert. Renteinntektene frå ansvarleg kapital/lån i Tafjord Kraft AS er knytt opp mot NIBOR.

Forvaltningsfondet i Sparebanken Møre har både ei inntektsside og ei kostnadsside.


Inntektene er utbytte og renter frå dei ulike fonda. Utgiftssida er forvalningshonorar og urealisert verditap.

Finansinntekter i 1000 kr	2012	2013	2014	2015
Renteinntekter bank	379	265	357	310
Renteinntekter Tafjord Kraft AS	406	397	545	487
Aksjeutbytte Tafjord Kraft AS	3 362	3 741	3 806	1 738
Utbytte/gevinst Elverkfondet	1 366	2 572	1 138	1 238
Finansinntekter	5 513	6 975	5 846	3 773

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Finansutgifter i 1000 kr	2012	2013	2014	2015
Renteutgifter	3 109	3 301	3 167	2 606
Tap på finansielle instrumenter				1 640
Avdragsutgifter	5 016	5 865	6 303	6 557
Renter og avdrag	8 125	9 166	9 470	10 803

I 2015 har gapet mellom finansinntekter og finansutgifter auka.



Driftsrekneskapen 2015 – hovudtal

Frå skjemaet økonomisk oversikt - drift har vi dette samandraget:

beløp i 1000 kr	2012	2013	2014	2015
Driftsinntekter	-186 555	-187 860	-188 687	-191 096
Driftsutgifter	189 802	191 138	194 414	192 325
Brutto driftsresultat	3 247	3 278	5 727	1 228
Eksterne finanstransaksjonar	2 741	2 155	3 670	7 181
Motpost avskrivning	-4 615	-5 672	-5 421	-5 383
Netto driftsresultat	1 373	-240	3 976	3 026
Bruk/avsett til fond	-1 864	1 840	-3 976	-3 778
Overført til investering	491	1 981	0	0
Meir/mindreforbruk	0	3 581	0	-752

Tall med minus er inntekt/positivt resultat. Positivt tal er kostnad/negativt resultat.

Driftsutgiftene har gått ned med om lag 7 millionar, frå 194 millionar til 188 millionar, i eit år med om lag 3 % prisstigning. Auken i eksterne finanstransaksjoner på 3,5 millionar er nedgang i utbytte frå Tafjord kraft AS og eit urealisert tap på forvaltningsfondet.

Elverkfondet som kan brukast i drift er nesten gått med:

Elverkfondet - drift	Bruk/avsetting	Saldo
Opphavleg		12 460 000
Kjøp av prestegard	-1 600 000	
Tilført 2012	115 042	
Bruk til dekkinga av underskot 2013	-2 970 685	
Drift Tafjord Skredsenter 2014	-250 000	
Investeringstilskot 2014	-4 450 000	
Budsjettet bruk i 2015	-3 151 000	
Netto bruk	-12 306 643	
Attståande per 31.12.2015		153 357

Det er i tillegg 26 millionar kroner att av elverkfondet som kan brukast til investering.

Investeringar 2015

I 2015 har det vore liten investeringsaktivitet i kommunen. Idrettsbanen i Eidsdal er ferdig, men er med i investeringsrekneskapet på grunn av at ein ventar på utbetaling av spelemidlar. Det meste av spelemidlane vart utbetalt i 2015.

Fleire av prosjekta som det er gitt løyving til er ikkje kome i gang på grunn av mangel på kapasitet.

Balanserekneskapen

Relativ stor auke i omløpsmidlar og kortsiktig gjeld kjem av at lån til Norddal Eigedomsselskap KF på 20 millionar vart utbetalt til kommunen i desember. Lånet vart ikkje overført til eigedomsselskapet sin bankkonto, og er bokført som kortsiktig gjeld til eigedomsselskapet.

beløp i 1000 kr	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Anleggsmidlar	441 630	430 589
Omløpsmidlar	88 996	74 559
Sum egedelar	530 626	505 148
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	-63 256	-63 338
Langsiktig gjeld	-415 061	-403 219
Kortsiktig gjeld	-52 310	-38 591
Sum eigenkapital og gjeld	-530 626	-505 148
Memoriakonto:		
Ubrukte lånemidlar	5 754	3 167

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Kommunen har ikkje auka innlånet i 2015. Det er betalt meir i avdrag enn det som er teke opp i lån. Auke i lånegjeld er på konsernnivå.

Beløp i mill kroner	2012	2013	2014	2015
Norddal kommune	123,7	130,6	131,0	130,1
Norddal egedomselskap KF	123,5	125,8	126,6	173,9
Sum lån	247,2	256,4	257,6	304,0

Konsern

Norddal Egedomsselskap KF legg fram eige rekneskap og årsmelding.

Norddal kommune har på konsernnivå eit midreforbruk på 1, 5 millionar. Det kjem etter at det er budsjettet med bruk av fond på 4 millionar; 3 millionar i kommunen og 1 million i egedomsselskapet.

beløp i 1000 kr	2015				2014
	Kommune	Føretak	Eliminering	Konsern	Konsern
Brutto driftsinntekter	-191 096	-23 550	18 073	-196 573	-191 613
Brutto driftsutgifter	192 325	21 963	-18 073	196 215	194 380
Brutto driftsresultat	1 228	-1 587		-359	2 767
Finanstransaksjonar	7181	8623		15804	12 605
Motpost avskrivningar	-5383	-6586		-11969	-11 399
Netto driftsresultat	3 026	450		3 476	3 973
Bruk/avsett til fond	-3778	-1000		-4778	-3973
Overført til investeringar				0	0
Mindreforbruk	-752	-550		-1 302	0

Tenestene

Sentraladministrasjon



Mål

Fellestenestene skal:

- Vere bindeledd mellom publikum og det offentlege
- Yte gode publikumsretta tenester
- Vidarutvikle tenester og informasjon tilpassa eit digitalt førsteval – døgnopen forvaltning
- Samordne og utvikle interne tenester slik at det blir skapt god flyt i fordeling og utføring av oppgåver
- Ha ansvar for utvikling og oppfølging av Flyktningtenesta

Årsverk

01.01.2015-30.06.2015; 5,7 årsverk

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Frå 1. juli vart det gjort endringar i den administrative organiseringa slik at fellestenestene no omfattar:

- Økonomiavdelinga/personal
- Servicetorget
- Informasjon
- Flyktningtenesta

Stillingsheimel knytt til beredskap er også lagt til budsjettansvarsområde for Fellestenestene, men den tilsette rapporterer direkte til rådmannen

Etter endra organisering frå 01.07.2015 utgjer staben 10,2 årsverk.

Administrative/faglege resultat

Kommune- og fylkestingsvalet 2015

- Planlegging, gjennomføring og etterarbeid

Digitaliseringsarbeid /oppgradering av ulike system;

- Nye ACOS møte
- Tilpassing til docx-format i sak/arkiv-systemet
- Skjemadesignmodul – eigen modul for utforming av digitale skjema; eksterne og interne
- Aktiv deltaking i ulike fora for utviklingsarbeid i eKommune Sunnmøre

Endringar i organisasjonsstrukturen

- Etablering av «Fellestenestene», utvikling- og samordningsarbeid samt utviding av budsjettansvarsområde
- Etablering av «Flyktningtenesta»

Stort mangfold av oppgåver, m.a.

- Samansette oppgåver, fag- og felles
- Saksbehandling etter ulike lovverk
- Faktura og rekneskap
- Arkiv og depot
- M.m.

Økonomiske resultat

	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
Politisk styring	1 701 365	1 691 300	-10 065	-1
Revisjon	651 868	654 000	2 132	0
Rådmannsleiing	2 638 278	2 596 400	-41 878	-2
Reservert lønsoppgjer	0	-28 000	-28 000	100
Pensjonspremieavvik	2 773 066	2 919 900	-259 722	-9
Kyrkja	1 630 000	1 630 000	0	0
Andre livssyn	50 439	60 000	9 561	16
	9 445 016	9 523 600	-327 972	-3

Fellestenester	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
Sentraladministrasjon	5 726 229	6 354 800	628 571	10
Fellestenester	2 157 840	2 516 600	358 760	14
Flyktningteneste	-1 062 943	-900 000	162 943	-18
	6 821 126	7 971 400	1 150 274	14

Utfordringar i tida som kjem

Tilpassingar i organisasjon til nye krav og endra ansvarsområde

Flyktningtenesta – integreringsarbeid m.m.

Utvida gruppe krev ulike tilpassingar i teamet; jf. frå servicetorg til fellestenestene

Budsjettmessige utfordringar

Innsparingar/reduksjon i tal årsverk kontra endring og omfang av oppgåver

Utvikle tenestene /oppgåvefordelinga slik at ein blir meir robuste i krevjande periodar

Innføring og implementering av nye datasystem og modular, jf. verksemndsplan

Planarbeid; ajourhald og oppdatering på ulike område

Kompetanseutvikling

Rekrutteringsarbeid

Kvalitetssikring

Skule, barnehage, kultur og barnevern



Mål

Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og måloppnåing

Overordna I tråd med nasjonalt lovverk og lokalt planverk, skal brukarane oppleve at dei får dei
mål for tenestene dei har krav på og rett til.

**ansvars-
området**

Kort Skule:

skildringa Opplæringa i grunnskulen skal, i samarbeid med heimen, opne dører mot verda og
av tenesta framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Den skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og utvide kjennskap og forståing av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonal kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald, vise respekt for den einskilde si overtyding, fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, duglek og haldningar for å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalte skaparglede, engasjement og utforskartrong samtidig som dei lærer å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal ha medansvar, rett til medverknad og skal møtast med tillit, respekt, krav og utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

Barnehage:

I barnehagane skal det enkelte barn oppleve mestring, leik, læring, inkludering og

likeverd, og bli tatt i mot og ivaretatt på ein god måte. Alle skal verte høyrt og få ytre meinings si. Dei tilsette skal oppleve glede over arbeidet, stoltheit over yrket og arbeidsplass, og ha meiningsfulle arbeidsdagar, der kompetanse, interesser og evner skal nyttast og utviklast. Foreldre og føresette skal vere viktige samarbeidspartnarar og oppleve muligheter til medverknad i det daglege arbeidet.

Kultur:

Verksemda kultur ønskjer å vere ein bidragsytar i arbeidet med å skape det gode liv i Norddal – livskvalitet i samspel med natur og kultur.

Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å vekse opp i, og ein god kommune å busetje seg.

For å lukkast med dette må ein styrke samhandlinga med frivillige lag og organisasjonar.

Kultursektoren femner om tenester som har mykje å seie for trivsel og livskvalitet; Bibliotek, Frivilligsentral og musikk- og kulturskule.

Barnevern:

Norddal kommune er med i interkommunalt barnevern; Storfjorden Barnevern, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

Årsomtale

PPT:

Norddal kommune er med i interkommunalt PP-teneste; Storfjorden PPT, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

Sektor oppvekst og kultur:

Etter omorganisering til sektornivå, femnar denne sektoren no om skule, barnehage, sfo, vaksenopplæring, kultur- og musikkskule, frivilligsentral, kulturadministrasjon og bibliotek. I tillegg har sektoren ansvar for samarbeidsavtalane med Storfjorden PPT og Storfjorden barnevern.

Skule:

Det er to kombinertskular i kommunen: Eidsdal skule med om lag 59 elevar og Valldal skule med 156 elevar. Begge skulane tilbyr i tillegg SFO. Vaksenopplæringa er lagt administrativt til Valldal skule.

Grunnskulane i Norddal har over fleire år levert grunnskulepoeng heilt i landstoppen, og elevundersøkingane syner god utvikling i høve trivsel, støtte frå lærarane og mobbetal. Læringskultur og elevmedverknad bør betrast.. Viser elles til *Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2014.*

Vaksenopplæringa:

Har hatt mange brukarar siste året. Inntektene/refusjon frå IMDI vart difor ekstra høge i 2015.

Sfo:

Tal brukarar varierer. I Eidsdal er tal brukarar så lavt at vedtekene pålegg

administrasjonen å legge fram sak for formannskapet om vidare drift. Det er ønske fra føresette om at tilbodet skal følgje barnehageåret. Dette vert ei utfordring med bakgrunn i heilårleg barnehagedrift.

Barnehage:

Det er to barnehagar i kommunen: Dalsbygda barnehage med 17 barn og Syltebøen barnehage med 57 barn.

Tilbakemeldingane frå brukarane er positive. Vedtekten i høve til sommarstenging vart endra våren 2015, slik at ein kunne stenge dei to siste vekene i juli. Dette var ei føreseieleg ordning for brukarane og i høve til ferieavvikling for personalet. Dette vart det endra på i kommunestyret i desember 2015. Ein ønskjer no at ein held barnehagen open heile året.

Kultur:

Det er tilsett kulturadministrator/rådgjevar i 40% stilling. I løpet av 2015 fikk denne stillinga ei koordinerande/rådgjevande rolle innan kulturområdet. I tillegg fikk stillinga sekretærfunksjon for ungdomsrådet.

Frivilligsentral:

Det er tilsett 50% stilling som leiar for Frivilligsentralen. Frivilligsentralen i Norddal har på mange område nådd arbeidsmål for 2015.

Ein er blitt meir kjent blant lag og organisasjonar og har eit godt samarbeid med mange. Lokala er mykje nytta på dagtid og kveldstid. Det er stor auke i personar og lag som tek kontakt, og arbeidsoppgåvene er mange. *Open kafé* har ein redusert til to dagar i veka.

Administrasjonen i kommunen nyttar Frivilligsentralen til administrative oppgåver der det frivillige er representert. I tillegg til at arbeidsmål for 2015 er gjennomført, har nye oppdrag kome til.

- sekretær for jury i samband med utdeling av eldsjelprisen
- koordinator for NRK TV-aksjon 2015
- skaffe frivillige til barnehagebesøk i eldreinstitusjon
- foreldrevakter til Sylte Ungdomsklubb
- skaffe frivillige til *Ut ein tur*
- koordinator for *Sansehage*

Kultur- og musikkskule:

Det er 3,1 stilling og om lag 115 elevar i kultur- og musikkskulen. I tillegg til ordinær musikkundervisning leverer ein tenester til korpsa i kommunen. Det er eit godt samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulane i kommunen, spesielt med tanke på planlegging, øving og gjennomføring av kabareen.

I 2015 fikk kulturskulen ansvaret for Ungdommen si kulturmönstring. Det vart eit godt arrangement med mange deltakrar.

Bibliotek:

Det er 1.36 stilling i biblioteket. Etter opning av nytt bibliotek i Valldal har det vore stor auke i besøk og utlån. Ein har også etablert fleire aktivitetar knytt til biblioteket. I

Eidsdal har ein utvida opningstidene, men til andre tider enn tidlegare. Der har utlånet gått sterkt tilbake sidan omorganiseringa.

Barnevern:

Her har det vore ein stor auke i tal saker og kompleksiteten i sakene er stor. Det har vore gjennomført samtalar med Storfjorden barnevern om samarbeidsavtalen etter at Norddal kommune sa opp avtalen. Ein er samde om at gjeldande avtale vert forlenga ut 2016. Ny samarbeidsavtale kjem til politisk handsaming.

PPT:

Ein har dei siste åra opplevd færre enkeltsaker, men kompleksiteten i ein del saker er omfattande og krev tiltak både på individ og systemnivå. Det er no tilgang på logopedkompetanse i Storfjorden PPT. Dette er av stor verdi for sektoren.

Siste året har vi også fått ein del saker i barnehagane. Dette er svært bra, då ein ser verdien av å kome tidleg inn når ein ser behov for ekstra oppfølging av barn med ulike vanskar. Dette sparar oss for utgifter og utfordringar seinare i skuleløpet.

Årsverk:

Eining	Sum årsverk
Valldal skule/sfo/vo	31,34
Eidsdal skule/sfo	12,02
Dalsbygda bhg	4,70
Syltebøen bhg	13,40
Kultur	5,35
Sektoradministrasjon	1,00
	67,81

Økonomiske resultat

Skule og barnehage kultur og barnevern	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
Fellesområde skule/bhg	3 680 164	3 670 100	-10 064	0
Valldal skule	16 447 405	17 065 800	618 395	4
Eidsdal skule	8 589 627	8 301 300	-288 327	-3
Dalsbygda barnehage	2 023 287	1 862 100	-161 187	-9
Syltebøen barnehage	6 055 004	5 966 800	-88 204	-1
Kulturskulen	1 362 516	1 168 300	-194 216	-17
Kultur	1 154 596	1 293 300	138 704	11
Frivilligentralen	232 220	233 300	1 080	0
Bibliotek	970 379	1 092 500	122 121	11
Barnevern	1 638 535	1 521 000	-117 535	-8
	42 153 733	42 174 500	20 767	0

Som ein ser av tabellen klarte ein å styre mot eit lite mindreforbruk i 2015. Dette til tross for at ein har redusert rammene dei siste åra. Ekstra stor refusjon i samband med vaksenopplæringa balanserte rekneskapen. Det er elles god budsjettdisiplin i einingane.

Utfordringar i tida som kjem

Det er ei stor utfordring i å balansere inntekter og utgifter i drifta av sektoren. I samband med at inntektene har gått kraftig ned dei siste åra, har rammene til den enkelte eining vorte stadig knappare. Det er behov for å redusere med om lag 4 årsverk i 2016.

Det vil vere store vanskar med å rekruttere nye medarbeidarar med formell kompetanse i nær framtid. Samstundes som krava til undervisningskompetanse i skulane er innskjerpa, vil vi ha fleire tilsette i skulen med brei undervisningskompetanse som vil gå av med pensjon i løpet av dei komande åra.

At det no er knappe ressursar i einingane, avgrensar moglegheita til å sette inn ressursar til tidleg innsats. Ein har gode erfaringar med å sette inn tilstrekkeleg med ressursar i dei minste årsstega, for å spare seg for ekstra utfordringar og utgifter til ekstraordinære tiltak seinare i utdanningsløpet.

Helse og omsorg



Mål

Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og måloppnåing

Frå 1. juni 2015 vart det reetablert ein eigen sektor for helse- og omsorgstenestene i kommunen. Seinare vart sektoren delt opp i tre einingar med kvar sin einingsleiar. NAV Storfjord vart elles knytt til sektoren.

Helseavdelinga

omfattar legekontoret i Valldal og utekontoret i Eidsdal, helsestasjonen med helsesøster inkl. jordmortenester (ft med kontorstad Sjøholt), psykiatrisk sjukepleiar, kommunefysioterapeut og ergoterapeut, den sistnemte er avtale med Muritunet. Elles folkehelse koordinator. Kommunen har avtale om driftstilskot med fysioterapeutar som driv privat praksis. Når det gjeld legesituasjonen har kommunen hatt tre årsverk legar heile året, inkl. turnuslege. Legevaka krev supplerande innleige av ”vikarlegar, ut over at kommunen også har avtale med lege tilsett ved Muritunet.

Alle pålagte program og tenester har vore tekne i vare i meldingsåret. Ved slutten av meldingsåret vart det vedteke avtale om å gå inn i et større legevaktområde på kveldstid. Ei nyskaping i meldingsåret var oppstart av Frisklivssentral som i all hovudsak arbeider førebuande innan livsstilaktivitetar. Fleire kurs vart gjennomført.

NAV Storfjorden

vart i meldingsåret knytt til helse- og omsorgssektoren. Dette er eit interkommunalt/statleg kontor med hovudkontor på Skodje. Det blir vist til eiga årsmelding.

Heimetenestene og institusjon

Desse tenestene skal yte naudsynte pleie- og omsorgstenester jf. Kommunal helse- og omsorgstenestelova. Tenesta skal gi eit heilskapleg, samordna, fleksibelt og rett tilbod til pasientar til rett tid og på rett stad.

Pleie og omsorg famnar om ulike tenesteområder: Heimetenestene i form av heimehjelp og heimesjukepleie, Tiltak for personar med utviklingshemming er organisert under heimetenestene. Institusjonsbasert omsorg blir gjeve av Valldal sjukeheim med to avdelingar. I meldingsåret vart Kraftsenteret knytt til helse- og omsorgssektoren og lagt til heimetenestene.

• Heimetenestene

- Heimeteneste i Valldal er sett saman av heimesjukepleie, heimehjelp, 21 omsorgsbustader og 4 korttids-/ rehabiliteringsplassar. Etter vedtak står nokre av desse ledige og det var heller ikkje stor etterspurnad etter desse omsorgsbustadene. Nytt tal er 6 bustader, og det blir trappa ned mot dette måltalet.
- 13 ubemanna omsorgsbustader i Valldal.
- Heimetester til pasientar med psykiske lidingar
- Assistenttenester til brukar med særskilt behov
- Elvetun med 3 bustader for personar med utviklingshemming og 1 avlastingsbustad. Tenestar til 4 pasientar som bur utanom bufellesskap, delvis i samarbeid med heimeteneste
- Mot slutten av året vart det sett i verk eit dagtilbod for demente.
- Omsorgsbustadane i Eidsdal med 12 bustader har heildøgnsbemannning samt heimehjelp og heimesjukepleie. 2 ubemanna omsorgsbustader i Eidsdal.
- Kraftsenteret med sine tilbod til i Valldal.

• Valldal sjukeheim

- Somatisk avdeling har etter vedtak i 2015 16 sengeplassar der eit rom er terminalrom.
- Avdeling for personar med demens har vore drive med 6 sengeplassar i 2015. Mot slutten av året måtte ein ta eit ekstra rom i bruk.
- 6 korttidsplassar fysisk plassert på omsorgsbustaden i Valldal. Desse vart i meldingsåret redusert til 4 og vart overtekne av sjukeheimen.
- Kjøkken lagar mat til alle bebuarar i institusjon, omsorgsbustader samt at dei lagar og leverer middag til heimebuande og til omsorgsbustaden i Eidsdal.
- Reinhald/vaskeri som har alt reinhald av alle institusjonsplassar, alle fellesrom og vaskar klede for alle som bur her. Verksemda har inngått avtale med ekstern vaskeri om levering og vask av tenesteklede og levering av dørmatter.
- I 2015 hadde sjukeheimen framleis ikkje tilbod om aktivitet.

Årsverk

Eining	Sum årsverk
Helseavdelinga	10,70
NAV Storfjorden	0,50
Heimetenestene	35,50
Institusjon	37,50
Sektoradministrasjon	1,00
	85,20

Tala er per 31.12. Gjennom meldingsåret vart omsorgstenesta redusert med 6 årsverk.

Økonomiske resultat

Helse og omsorg	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
Helse	8 338 387	7 577 500	-760 887	-10
Sosial-NAV	1 414 800	1 101 300	-313 500	-28
Pleie og omsorg - heimetenester	20 424 367	19 391 000	-1 033 367	-5
Pleie og omsorg - institusjon	23 347 087	24 023 200	676 113	3
	53 524 641	52 093 000	-1 431 641	-3

Hausten 2015 vart det sett fokus på bruk av overtid og vikarinnleige. Gjennom året vart det også gjennomført ei nedbemannning som vart avslutta i oktober. Summen av desse tiltaka førte til at pleie- og omsorgstenestene kom ut i balanse.

Eit høgt nivå i sosialstønadsutbetaling saman med at heile 8 legemånadsverk måtte erstattast av vikar saman med låge/inkje refusjon, skapte eit stort overtrekk i helsetenesta. Det samla overtrekket er likevel lite samanlikna med tidlegare år, og pengestyringa i sektoren viser på kort tid klåre sunnheitsteikn,

Generelt var året prega av endringar og omstillingar i form av krav om at tenestene skulle reduserast i omfang og dermed utløyse ein lågare årskostnad.

Samstundes vart sektor for helse, pleie og omsorg etablert på nytt frå 1. juni.

Utfordringar i tida som kjem

- Ein må gå vidare med dei dei forbetningsområda som vart valde ut hausten 2015 og seinare skrive ned i sektorplanen som særskilde prioriterte område. Dette krev ei strukturert leiing som ser det nødvendige med også å arbeide med langsiktige oppgåver.
- Omstille seg til heile tida å vurdere kva som rett tenestetilbod, og utvikle metodikk som sikrar dette.
- Auka krav til produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i sektoren.
- Ei vesentleg vanske er å rekruttere til ledige stillingar. Alle tilgjengelege reiskapar i dette arbeidet må takast i bruk; frå eigen løns- og personalpolitikk til eksternt rekrutteringsarbeid og interkommunale samarbeids tiltak. Rekrutteringsplan må lagast. Talet sjukepleiarar må aukast. Arbeid med å redusere sjukefråværet må ha sterkt fokus også i åra som kjem.
- Den mest krevjande oppgåva i 2016 og dei nærmaste åra er å skaffe samsvar mellom tenesteproduksjonen/andre driftskostnader og vedteken ramme. Kommunestyret gjorde hausten vedtak om ei særskilt gransking som skulle legge grunnlaget for dette.

Teknisk, næring og miljø

Teknisk - TSSN



Mål

Mål for TSSN – kort skildring av tenestene og måloppnåing

Har ansvar for områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (matrikksaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid med grunnerverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er også lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringssida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Har vidare ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt eigen maskinpark.

Mål for næringsavdelinga

Næringsavdelinga er forvaltar av den statlege og kommunale næringspolitikken. Ein skal legge til rette for næringsutvikling i vid tyding og vere eit kompetanse- og rådgjevingsorgan for alle næringar. Oppgåver innan skog-, jord-, utmark- og viltforvaltning ligg til avdelinga. Miljø- og kulturlandskap er også naturlege arbeidsområde.

Årsomtale TSSN

TSSN – teknisk samarbeid Stordal og Norddal vart etablert frå 01.01.11. Samarbeidet vart handsama av kommunestyra i 2014 med tanke på å gjere det meir permanent og

likelydande vedtak vart gjort i begge kommunar. Det har vore arbeidt administrativt for å utarbeide ein ny avtale, som vart underskriven av rådmennene 13. mars 2015.

I 2015 vil ein nemne desse resultata:

- Saman med Statens vegvesen utbeta Grønningsvegen – delvis nytt berelag, asfalt og nytt rekkverk fremste Grønningsbrua.
- Sikra Raudebrua mellombels slik at ikkje barn går gjennom rekkverket.
- Laga avtale med ÅRIM om utføring av renovasjonstenester. Sikrar lokale arbeidsplassar og gode tenester.
- Arbeid med felles retningslinjer for sætrestølar i Stordal og Norddal.
- Oppattsetting av tømestasjon for bubar.
- Opparbeiding Muriparken.
- Omlegging av vegkryss Ødegård.
- Arbeid med og vedtak av reguleringsplan Tafjord friluftsbad.
- Opprusting av Bedringens veg – plassering benkar.
- Innføring av vegadresse med oppsetting av vegskilt.
- Arbeid med planregister.
- Arbeid med tilknyting fjernvarmeanleggset.
- Vidare arbeid med prosjekt for digitalisering av leidningsnett og kummar
- Flytting til ny brannstasjon i Eidsdal.
- Opplæring og innføring av nødnett.
- Arbeid med grunnavtale vatn.
- Gjennomføring av brannøvingar og feieteneste.
- Kontinuerleg utført oppgåver innan oppmåling/deling, byggesak, dispensasjonssøknader/saker, søknader/ sal av kommunale tomter, abonnement vatn/avløp/ renovasjon

Årsomtale næringsavdelinga

Næringsavdelinga er ei lita avdeling med få tilsette. Opgåver innan statlege tilskotsordningar er ei svært viktig og sentral oppgåve. Med få tilsette er næringsavdelinga sårbar. Fagmiljøet har vore godt, men ein har sakna eit større og breiare fagmiljø innan næring og miljø.

På grunn av innsparingstiltak, har ein ikkje lenger naturforvaltar. I periodar har kommunen kutta ut kjøp av skogtenester. Kommunen har da ikkje hatt tilgang på skogfagleg kompetanse. Næringsjefen har teke noko av desse oppgåvene, men dette har gått ut over andre viktige oppgåver.

Til viltforvaltning har ein leigd inn tenester frå Stranda kommune, men avtalen gjekk ut i 2015 og er ikkje fornaya.

Næringsjefen flytta kontor frå Fjordhagen AS til rådhuset i løpet av våren 2015.

Landbruket står sterkt i Norddal kommune. Mange av dei som driv innan denne næringa har klart å utvikle ulike tilleggsnæringer med basis i landbruket. Dette har vore svært positivt. Klatreparken er eit godt døme på dette som bildet syner. Elles har det vore ei positiv utvikling innan naturbasert reiseliv.

Arbeidet med strategisk næringsplan har vore ein treg prosess, men ein har no kome fram til ulike tiltak som plangruppa vil prioritere. Arbeidet med planen er enno ikkje ferdig da det er

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

ynskje om ein meir kortfatta og lesevenleg plan. Satsingane skjer innanfor kommunen sine næringsmidlar (kraftfond).

Årsverk

Årsverk(tilsett i kvar enkelt kommune – avtalar styrer ressursfordeling)

	2012	2013	2014	2015
Norddal	7,9	6,8	5,5 (+1 vakant)	4,5 (+2 vakant)
Stordal	9,6 inkl. vaktmeistrar	8,1 inkl. vaktmeistrar	8,5 inkl. vaktmeistrar	8,9 inkl. vaktmeistrar

Personaloversikt

I tillegg til næringssjef har ein ved årsskiftet ressursar frå servicetorget som tek store og viktige tilskotsordningar i landbruket. Dette er ein heilt nødvendig ressurs. Ordninga med kommuneveterinær blir vidareført i 2016, men det er meir usikkert korleis skogforvaltninga skal organiserast framover.



Økonomiske resultat

Teknisk, næring og miljø	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
Teknisk drift	4 564 524	4 778 100	213 576	4
Teknisk drift - sjølvkost	-664 361	50 000	714 361	
Plan bygg oppmåling	911 318	1 197 000	285 682	24
Brann og oljevern	2 644 860	2 606 100	-38 760	-1
Næring	432 146	502 300	70 154	14
Næringsfondet	-523 035	-700 000	-176 965	25
	7 365 452	8 433 500	1 068 048	13

Rekneskapen for tenestene viser at ein har brukta noko mindre enn budsjettet både på teknisk drift og PBO. Innsparing på planleggar som også skal dekke Stordal er ei svært

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

uheldig løysing – kapasiteten er no altfor liten på plansida og mange venter på å få sakene sine handsama. Brann/oljevern syner her eit underskot – men budsjettet for 2015 var opphavleg på 2.947.000 kr med tanke på mellom anna felles vakt med Stordal i samsvar med ROS-analyse vedteken av kommunestyret. 341.000 kr er såleis omfordelt til anna gjennom året. På sjølvkost var det også mindre forbruk slik at ein som planlagt kunne betale ned på negativt fond. Dette viser at alle innan TSSN har teke situasjonen på alvor og gjort det ein kan for å halde budsjetta. Truleg er ein no kome for lavt med tanke på vedlikehald av vegar.

I høve til rekneskapet for 2011 er det i 2012 nytta 1.821.302 kr mindre, ytterlegare redusert med 1.218.765 kr i 2013 (i realiteten ytterlegare 566.397 kr pga. Dagmar og fjernvarme). Frå 2013 til 2014 er det igjen nytta 2.234.004 kr mindre. Frå 2015 til 2016 er reduksjonen på 140.000 kr. Så store innsparingar over få år vil gi därlegare vedlikehald og mindre kapasitet innan fagfeltet.

Grunna innsparingar har næringsavdelinga eit mindreforbruk i høve til budsjettet for 2015.

Utfordringar i tida som kjem

TSSN

Vidareutvikle TSSN slik at det kan fungere optimalt innanfor dei rammer som er lagt. Gi nye medarbeidarar god oppfølging. Krympande økonomiske rammer gjer drifta vanskelegare. Innsparing innan teknisk sektor vil i stor grad gå utover vedlikehald på vegar og anlegg – noko som gir større forfall og over tid auka sjanse for å måtte ta att dette gjennom større investeringar.

Vonleg vil vi få tilsett ny planleggar etter utlysing i april slik at vi kan byrje å ta att etterslepet som har bygd seg opp på plansida.

Driftsoperatør for vatn- og avløp må på plass snarast.

Av meir fysisk art:

- Asfalt frå Muri til kryss ovanfor Kleppe.
- Vegrekjkverk
- Hjellevegen
- Oppfølging av bruene
- Utbygging Valldal vassverk med grunnvassbrønnar.

Næringsavdelinga

Den største utfordringa er arbeidet med kommunereforma og dei resultat ein her vil kome fram til. Når denne prosessen er avslutta, veit ein meir om korleis nye fagmiljø skal byggast opp. Uansett resultat må ein sikre at kommunen etablerer gode fagmiljø innan næringsutvikling. Det må vere brukarane av tenestene som heile tida må vere i fokus.



Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Ei anna utvikling som vil krevje satsing og omstilling er vidare utvikling av “grønt reiseliv” og naturbasert turisme med kortreiste og ureiste ressursar. Utviklinga her går fort, og kommunen må førebu seg godt på desse nye trendane. Her må ein i tillegg til lokale tilbod ha eit regionalt samarbeid i gode fagmiljø.

Kommuneøkonomien har vore ei utfordring når det gjeld utvikling og satsing. Ein må innsjå at dei “gode tidene” er forbi, og at ein må ha eit større fokus på privat satsing. Kommunen vil i framtida få ei viktig rolle med å utarbeide gode planar for vidare satsing og ulike tiltak for tilrettelegging.

Kommunestyret - saker i 2015

Adm.enh	Sbh	Journaltittel	Saksnr
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'001/15
SERVT	BEOS	Referatsaker	'002/15
RÅDM	THST	Kommunereform - handlingsplan	'003/15
PLO	CHKO	Vurdering av drift institusjon - realitetsbehandling	'004/15
PLO	CHKO	Vurdering driftsnivå heimetenester - realitetsbehandling	'005/15
RÅDM	HESV	Organisasjonsstruktur - prinsippvedtak	'006/15
RÅDM	HESV	Norddal egedomsselskap, evaluering - rapport.	'007/15
RÅDM	THST	'Krav om lovlegheitskontroll K-sak 98/14	'008/15
SERVT	BEOS	Fritak fra politiske verv	'009/15
PBO	LNYS	Reguleringsplan for Nedstestølen - klagehandsaming og ny godkjenning	'010/15
PBO	KAVE	Reguleringsplan for del av Sylte - klage	'011/15
RÅDM	ANNY	Interkommunalt samarbeid - avfallstenester - ÅRIM	'012/15
NÆRING	LNYS	Samorganisering av Rådet for nasjonalparkkommuner og Norges nasjonalparklandsbyer	'013/15
RÅDM	ANNY	Startlån 2015	'014/15
SERVT	MAGR	Skjenkeløyve Solfjord, 2015-2016	'015/15
KULT	KRST	Friluftslivets år 2015 i Norddal kommune	'016/15
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'017/15
SERVT	BEOS	Referatsaker	'018/15
RÅDM	ANNY	Tiltak for å betre likviditeten	'019/15
RÅDM	ANNY	Finansreglement - endring	'020/15
NÆRING	TORK	Destinasjon Geirangerfjord -Trollstigen AS lokalisering og framtidig kommunalt engasjement	'021/15
NÆRING	LNYS	Tettstadutvikling, statusrapport og vidare framdrift	'022/15
KULT	AUOD	Kulturminneplan for Norddal kommune	'023/15
KF	ASEI	Valldal fjernvarme AS - kjøp av lokale	'024/15
KF	ASEI	Eksterne vaktmester tenester fra Norddal Egedomsselskap KF	'025/15
SERVT	MAGR	Klage på tildelt skjenkeløyve - Maximgruppen AS	'026/15
SERVT	BEOS	Oppnemning av røystestyrer for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - delegering til valstyret	'027/15
KF	ASEI	Val av styre for Norddal Egedomsselskap KF	'028/15
SERVT	BEOS	Valldal fjernvarme AS - forslag på styreleiar	'029/15
SERVT	BEOS	Val av representant til styret i Storfjord helsecenter AS	'030/15
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'058/15
SERVT	BEOS	Referatsaker	'059/15
RÅDM	ANNY	Kjøpe eller leige lokale Valldal Fjernvarme AS	'060/15
FAGS	KABI	Uttale Eidsdal Privatskule AS	'061/15

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

PBO	EILI	Dispensasjon frå arealplanen for bygging av tersklar i Kaldhuselva	'062/15
PBO	EILI	Dispensasjon frå arealplanen for tiltak ved fremste Smettevatn	'063/15
NÆRING	TORK	Klage frå Rune Omenås etter avslag på søknad om tilskot frå næringsfondet	'064/15
NÆRING	TORK	Klage frå Solvang Camping etter avslag på søknad om tilskot frå næringsfondstyret	'065/15
ØKON	EIHO	Eigedomsskattevedtekter	'066/15
FAGS	KABI	Plan for mottak av flyktningar 2015-2020	'067/15
PBO	EILI	Felles tilsynsordning for avløpsanlegg	'068/15
PBO	EILI	Fortausparsell på Sylte i Valldal.	'069/15
PBO	EILI	Handsaming av klage i underinstans - reguleringsplan for Tafjord friluftsbad, hamn og camping.	'070/15
RÅDM	ANNY	Uttale frå Norddal kommune om felles kyrkjeleg fellesråd	'071/15
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'072/15
SERVT	BEOS	Referatsaker	'073/15
NÆRING	TORK	Klage frå Rune Omenås etter avslag på søknad om tilskot frå næringsfondet	'074/15
RÅDM	ANNY	Finansrapport for 2. tertial 2015	'075/15
RÅDM	ANNY	Tertialrekneksap 2. tertial 2015	'076/15
RÅDM	ANNY	Budsjettregulering 2015	'077/15
RÅDM	ANNY	Økonomireglement - revisjon 2015	'078/15
FELLES	EIHO	Nordre Sunnmøre Kemnerkontor - ny samarbeidsavtale	'079/15
SERVT	BEOS	Godkjenning av kommunestyrevalet 2015	'080/15
SERVT	BEOS	Val av formannskap for perioden 2015-2019	'081/15
SERVT	BEOS	Val av ordførar for perioden 2015-2019	'082/15
SERVT	BEOS	Val av varaordførar for perioden 2015-2019	'083/15
SERVT	BEOS	Val av kontrollutval for perioden 2015-2019	'084/15
SERVT	BEOS	Val av valnemnd for perioden 2015-2019	'085/15
SERVT	BEOS	Val av medlem og varamedlem til fylkeskretsene av Kommunenes Sentralforbund (KS) for perioden 2015-2019	'086/15
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'087/15
SERVT	BEOS	Referatsaker	'088/15
RÅDM	KABI	Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2014	'089/15
RÅDM	KABI	Mottak av flyktningar 2016	'090/15
RÅDM	HESV	Endring i legevaktordninga	'091/15
RÅDM	THST	Kommunereform - ståstad og vidare arbeid	'092/15
RÅDM	THST	Kommunereform - Oppnemning av forhandlingsutval	'093/15
KULT	AUOD	Interkommunal konsekvensanalyse - fjellskred	'094/15
NÆRING	ASKO	Endring av lokal forskrift - minsteareal for hjort	'095/15
RÅDM	ANNY	Betalingsssatsar for 2016	'096/15

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

FELLES	EIHO	Pensjonsordning for folkevalde	'097/15
KULT	KRST	Evaluering av frisklivssentralen i Norddal kommune	'098/15
SERVT	BEOS	Val av valstyre for perioden 2015-2019	'099/15
SERVT	BEOS	Val av barn og unge sin representant i det faste utvalet for plansaker 2015-2019	'100/15
NÆRING	TORK	Val av viltnemnd for perioden 2015 - 2019	'101/15
ØKON	EIHO	Val av partsamansett utval for perioden 2015-2019	'102/15
SERVT	BEOS	Val av eldreråd for perioden 2015-2019	'103/15
SERVT	BEOS	Val av råd for menneske med nedsett funksjonevne for perioden 2015-2019	'104/15
FELLES	EIHO	Val av takstnemnd for eigedomsskatt 2015-2019	'105/15
FELLES	EIHO	Val av klagenemnd for eigedomsskatt 2015-2019	'106/15
KULT	AUOD	Val av styremedlem i Frivilligsentralen 2015-2019	'107/15
SERVT	BEOS	Val av representant til styret for Storfjorden kyrkjelege fellesråd 2015-2019	'108/15
KULT	AUOD	Val av medlemar og varamedlemar til styret i stiftinga Severinbrauta for 2015-2019	'109/15
KULT	AUOD	Val av representant til årsmøtet i Sunnmøre museum	'110/15
SERVT	BEOS	Val av Heimevernsnemnd for perioden 2016-2019	'111/15
NÆRING	TORK	Val av Fjellstyre for perioden 2015-2019	'112/15
SERVT	BEOS	Val av medlem og varamedlem til representantskapet i Kommunerevisjonen 2015-2019	'113/15
SERVT	BEOS	Val av utsending og varautsending til generalforsamling i Tafjord Kraft AS for perioden 2015-2019	'114/15
SERVT	BEOS	Val av medlem og varamedlem til representantskapet i Ålesundregionen interkommunale miljøselskap (ÅRIM) 2015-2019	'115/15
SERVT	MAGR	Val av representant til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS sitt representantskap for perioden 2015-2019	'116/15
NÆRING	TORK	Val av medlem til Møre og Romsdal vassregion utval (VRU) og Nordre Sunnmøre vassområdetutval (VOU) for perioden 2015 - 2019	'117/15
NÆRING	TORK	Val av medlemar til Ottadalen villreinnemnd perioden 2015-2019	'118/15
NÆRING	TORK	Val av medlemar til verneområdestyret for Geiranger Herdalen landskapsvernområde og Kallskaret naturreservat i Møre og Romsdal fylke	'119/15
NÆRING	TORK	Val av representantar til nasjonalpark- og verneområdestyrene for perioden 2015-2019	'120/15
NÆRING	TORK	Val av næringsfondstyre for perioden 2015 - 2019	'121/15
SERVT	BEOS	Val av nytt styremedlem i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	'122/15

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

KULT	AUOD	Val av medlemar og varamedlemar til styret i Stiftinga Paktarstova 2015 - 2019	'123/15
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'124/15
SERVT	BEOS	Referatsaker	'125/15
RÅDM	ANNY	Endring av avdragsbetaling i 2015 og 2016	'126/15
RÅDM	ANNY	Garanti for lån på kr 3.500.000 - Fjørå Vassverk SA	'127/15
RÅDM	ANNY	Budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019	'128/15
KULT	AUOD	Utsmykking - revidering av vedtekter og val av leiar til utsmykkingskomite	'129/15
RÅDM	ANNY	Sak 12/15 i Kontrollutvalet: Valldal Fjernvarme AS	'130/15
PBO	EILI	Sak 13/15 i Kontrollutvalet: Kommunen sitt ansvar for oppfølging av plan- og bygningslova	'131/15
SERVT	BEOS	Møteplan 1. halvår 2016	'132/15

Årsmelding 2015 – Norddal kommune

Utvalde nøkkeltall, kommunekonsern	1524 Norddal			
	2012	2013	2014	2015
Finansielle nøkkeltall				
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7	1,2	-1,1	0,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,2	1	-1,9	-1,7
Frie inntekter i kroner per innbygger	62 461	65 815	67 534	68 505
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	237,6	260,1	273,8	313,3
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	24,2	22,7	17,3	24,9
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	129 154	137 288	141 436	159 169
Prioritering				
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	112 375	104 652	118 584	123 562
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	19 040	19 353	20 616	20 680
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	5 669	4 875	5 860	6 501
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	26 848	26 415	29 825	27 651
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	985	1 546	1 302	492
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	2 778	2 436	2 768	4 591
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.	8 210	9 645	10 607	9 680
Dekningsgrad				
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	90,9	89,1	85,4	91,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,9	10	11,5	11,6
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	17,3	17,8	17,9	18,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,9	11,2	11,3	13,2
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitasjoner	100	100	100	100
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	14,7	15,5	16,3	15,4
Andelen sosialhjelppsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	1	1,4	1,5	2,4
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	5,8	6,7	7,2	6,2
Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	:	107	107	30
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	37	38	20	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,58	0,59	1,19	1,21
Produktivitet/enhetskostnader				
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	139 346	136 854	162 921	160 568
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	141 285	139 180	149 400	158 586
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	9,2	10	9	7,8
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	296 191	274 500	302 656	292 432
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	928 529	886 882	994 118	538
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	3 671	4 167	4 650	4 608
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	563	860	897	1 324
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 838	3 008	3 188	3 299
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	..	120	200	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneindom.				
Kalenderdager	..	42	42	42
Bto. dr.utg. i kr pr. km communal vei og gate	182 109	186 609	146 111	147 089
Lovanvendelse				
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	67	100	100	100
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	0	0